



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - avdeling næring

Frode Tungesvik  
Heio 28 C

5452 SANDVOLL

| Saksbehandlar      | Tlf. direkte innval | Vår ref.  | Dykkar ref. | Dato       |
|--------------------|---------------------|-----------|-------------|------------|
| Karen Løvfall Våge | 958 24 275          | 2021/24-7 |             | 15.03.2021 |

## Velkomen som eigar av landbrukseigedom - 183/16 - Frode Tungesvik - Sandvoll

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at du er i ferd med å overta gardsbruk i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 183/16 til saman følgjande areal: 3 daa fulldyrka jord og 10 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 16 daa på eigedomen.

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/183/16>

Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført her og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpa dykk med i eit skriv.

Som ny eigar har du kanskje fleire spørsmål. Du er difor velkomen til å ta kontakt for ein prat dersom du ønskjer det og gjerne for eit besøk på landbrukskontoret.

Vi anbefalar å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan du sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn du på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) . Nyttig informasjon for nye bønder finn du også på [www.bondeboka.no](http://www.bondeboka.no)

Med helsing

Karen Løvfall Våge  
*Landbrukskonsulent*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*